



Statens vegvesen

Bjørn Ove Iden
Levegen 129B
5917 ROSSLAND

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/70927-10

Dykkar referanse:

Vår dato:
13.02.2017

Godkjenning av avkøyrsløse frå fv. 248 levegen – gnr. 49 bnr. 12 – lo – Meland kommune

Vi viser til dykkar brev motteke 21.12.2016, der du orienterer kort om historikk for eigedommen frå 1970 til i dag. Vi viser også til vårt brev av 25.11.2016, der vi ber deg sende inn søknad om løyve til avkøyrsløse for bustadeining nr. 2 på bruket.

Bakgrunn

I brev frå Meland kommune datert 03.11.2016, fekk Statens vegvesen sendt over din søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådeling av det opphavelige våningshuset på eigedom gnr. 49 bnr. 12. I søknaden kjem det fram at det er etablert ein ny bustad på eigedommen, som er godkjent av Meland kommune i 2008.

I samband med etablering av bustad nr. 2 har ikkje Statens vegvesen ikkje fått inn søknad om endra/utvida bruk av avkøyrsløse, i tråd med veglova §40. Meland kommune har gitt bruksløyve til bustad, utan å informere om at søkjar måtte ha løyve til avkøyrsløse.

I vårt brev datert 25.11.2016, orienterer vi om at eigedomen må ha løyve til avkøyrsløse for bueining nr. 2 på bruket før ein kan dele frå parsellen som omsøkt, jf. plan- og bygningslova § 27-4. I denne saka er Statens vegvesen vegstyresmakt på vegne av Hordaland fylkeskommune. Vi bad difor om at grunneigar skulle framsette søknad og sende relevant informasjon til oss, som grunnlag for avkøyrsløsevurdering.

Avkøyrsløse frå fv. 248 levegen

Fv. 248 levegen har haldningsklasse 4 i *Rammeplan for avkøyrsløse og byggjegranser på riks- og fylkesveggar i Region vest*. Endra bruk av avkøyrsløse kan normalt få løyve under føresetnad av at dei tekniske krava til utforming av avkøyrsløse vert stetta. Den omsøkte avkøyrsløse oppfyller ikkje gjeldande tekniske krav til utforming slik ho ligg i dag.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Statens vegvesen var på synfaring på staden 27. januar 2017. Siktkravet i avkøyrsla er oppfylt, men avkøyrsla har ei helling frå fylkesvegen som er brattare enn krava i handbok *N100 Veg- og gateutforming*. Svingradius er heller ikkje i samsvar med krava i N100.

I denne saka har Statens vegvesen gjort ei totalvurdering av trafikktryggleiken, vurdert opp mot avkøyrslas historikk. I 2008 fekk søkar bruksløyve frå Meland kommune på bustad nr. 2 på bruket, utan at det vart stilt krav om, eller orientert om at det var trong for løyve til endra bruk av avkøyrsla. Dette er uheldig, men vi ser at søkar har vore i god tru. Dette er no 8–9 år sidan. Samstundes er fv. 248 forbi staden ein lågtrafikkert veg, sikta i avkøyrsla er i samsvar med krava, og avkøyrsla har helling bort frå fylkesvegen. Etter ei samla vurdering meiner vi at risikoen i avkøyrsla er låg, og vi kan difor gi løyve til endra bruk av avkøyrsla for bustad nr. 2 på bnr. 12.

Dette løyvet vil ikkje gi presedens for andre sakar knytt til denne avkøyrsla. I nye sakar må ein pårekne krav om utforming av avkøyrslar i tråd med gjeldande krav.

Vedtak – Løyve til avkøyrslar

Statens vegvesen godkjenner på vilkår søknaden om endra bruk av avkøyrslar frå fylkesveg 248 (hp 01 ved km 1,730) til eigedomen gnr. 49 bnr. 12. Vedtaket er gjort med heimel i veglova §§ 40 og 43.

Vilkår for løyvet:

Etter ei samla vurdering av vegtekniske tilhøve og trafiksikringsomsyn set Statens vegvesen følgjande vilkår for løyvet:

1. Løyvet er gjeve i samsvar med *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg* fastsett av Vegdirektoratet 16.7.1964 og *Forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg* fastsett av Samferdselsdepartementet 26.2.1982.
2. Løyvet gjeld berre for den staden som er nemnt ovanfor, og til følgjande føremål: Bustad nr. 2 på gnr. 49 bnr. 12, etablert i 2008.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 6 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 60 meter til begge sider av køyrebanen, som vist på vedlagte skisse. Eigaren eller brukaren av avkøyrsla som løyvet gjeld for, har ansvar for at frisikt til ei kvar tid er oppfylt, jf. veglova § 43. Dersom ikkje dette skjer, kan avkøyrslaløyvet bli trekt tilbake.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Privatrettslege tilhøve, til dømes nabo- og eigedomstilhøve, må søkaren sjølv ivareta og skaffe seg rett til. Dette gjeld til dømes bruk og vedlikehald av avkøyrslar, frisiktsoner og tilkomstveg. Slike rettar bør tinglysast.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Om frådeling av våningshus

I vårt brev datert 25.11.2016 skreiv vi at deling ikkje kan gjennomførast før avkjørsleløyve til bustaden frå 2008 er gitt jf. pbl § 27-4. Vi var vidare negativ til omsøkte dispensasjon frå kommuneplanen, inntil avkjørsleløyve er gitt. Denne situasjonen er endra med bakgrunn i vårt vedtak i dette brevet.

Eigedommen har med dette godkjent avkjørsle. Statens vegvesen vil difor ikkje lenger rå ifrå at kommunen gir dispensasjon frå kommuneplan og løyve til frådeling av parsell, som omsøkt i oversendt dispensasjonssak datert 03.11.2016.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

VEDLEGG:
SIKTSØNER



Fv. 248 levegen
Siktsoner i avkøyrsla
13.02.2017
Målestokk 1:500
Statens vegvesen

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)



Statens vegvesen
Region vest

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

(Forvaltningslova § 27 tredje leddet)

(2) Dato

(3) Mottakar (namn og adresse)

(4) Klageinstans

Klagenemnda i Hordaland fylkeskommune

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.

Klagerett

De har rett til å klage på vedtaket.

Kven kan De klage til?

Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).

Klagefrist

Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.

**Rett til å krevje
grunngeving**

Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.

Innhaldet i klaga

De må presisere

- kva for eit vedtak De klagar på
 - årsaka til at De klagar
 - den eller dei endringar De ønskjer
 - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga
- Klaga må underskrivast.

**Utsetjing av gjennom-
føringa av vedtaket**

Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.

**Rett til å sjå saksdoku-
menta og til å krevje
rettleiing**

Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.

Kostnadene med klagesaka

De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.

**Klage til
Sivilombodsmannen**

Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.

Særlege opplysningar